

Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDALDato: 25.09.2019
Vår ref.: 2019/17379-2
Saksbehandlar: Iarbirik
Dykkar ref.:

Søknad om bygging av landbruksveg – Sjo gnr 192 bnr 4 - Sæbøvik - Kvinnherad kommune - varsel om synfaring

Viser til brev datert 23.09.2019 med søknad om bygging av landbruksveg på Sjo gnr. 192, bnr. 4 i Sæbøvik på Halsnøy i Kvinnherad kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyremakt innan kulturminnevern.

Garden Sjo er kjend for sine svært mange funn frå førhistorisk tid, men i dag er det få att i høve til det talet som eingong har funnest. På naboeigedommen i sør, bnr. 8, er det kjent fleire busetnad- og aktivitetsområde frå steinalder, id. 94670, 95900 og 95901. I overkant av 100 meter lenger mot søraust har det lege eit gravfelt frå jernalder, id. 35845. Dette viser at det er potensial for funn i området der det er omsøkt veg og som tiltaket kan komma i konflikt med.

Etter ei vurdering av det omsøkte tiltaket finn vi det difor nødvendig å gjennomføre ei synfaring før vi kan gje fråsegn til søknaden, for å vurdere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er naudsynt med ei vidare arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova. Synfaringa vil verta gjort så raskt som råd er.

Med helsing

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Lars Øyvind Birkenes
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.